

Produktråd DAB januar 2026

Agenda

- Status Sikt
- Årsmål DAB
- Ny samstyringsmodell (til vurdering hos KD)
- HVL v/Einar Brobakke og Linn M. Meyer
 - Bakgrunn, organisering, gevinster og planer



Årsmål DAB 2026

- Gjennomføre evaluering av første år med 3 pilotinstitusjoner på Analyseplattformen med anbefaling om veien videre
- Ha 3 fornøyde pilotinstitusjoner etter første år, som har:
 - vurdert kost-nytte
 - opplevd verdi i leveransene fra Analyseplattformen
 - Ønske om å videreføre avtale om Analyseplattformen
- Ferdigstille migrering av STAR-backend til Analyseplattformen for å muliggjøre nye sammensatte datamodeller og at Sikt kan konsentrere seg om én teknologi
- Migrering av BOT-datavarehus til Analyseplattformen slik at Sikt kan konsentrere seg om én teknologi
- Inngå 5 nye leveranseavtaler for Analyseplattformen






Høgskulen
på Vestlandet

Analyseplattformen og HVL

Erfaringar frå arbeidet i HVL

Bakgrunn, organisering, gevinstar, planar og demo av rapporter




Linn Melby Meyer (HR/KOTE) Einar Brobakke (systemkoordinator/KOTE)

Produktrådet 30. januar 2026



Analyseplattformen og HVL

› Det vi skal snakka om:

1. Dette er eit viktig poeng for HVL!
2. Kvifor HVL valde Analyseplattformen.
3. Kor er vi no, erfaringar og prosessen vidare.
4. Korleis vi har organisert arbeidet.
5. Gevinstar (og kva som krevjast for å hente dei ut).
6. Demonstrasjon av rapportane vi testar no.
7. Spørsmål og kommentarar tek vi samla før eller etter demo.



Kva er viktig for HVL?



Løysing!



Behov!



Kvifor valte vi Analyseplattformen - bakteppe i HVL

- › Større **ambisjonar** om, og satsing på digitalisering.
 - › Digital ambisjon for HVL.
 - › Utvikling av digitale verktøy og tenester i HVL.
- › Auka **etterspurnad** etter tilrettelagde data.
- › Initiativ og **prosjekt** for å **tilretteleggje data** for informasjon og analyse.
 - › Mellom anna for; kompetanse, økonomidata, arbeidsplanlegging.
- › **Prosjekt** om data- og informasjonsforvaltning som **heilskaplege system**.
 - › Det blei peikt på Analyseplattformen.

Kvifor valte vi Analyseplattformen - valet

HVL kunne:

1. Latt linjene halde fram med å utvikle eigne, ulike løysingar.
 2. Utvikle ei eiga felles løysing for heile HVL (med eige datavarehus).
 3. Kjøpt ei ferdig utvikla løysing (vurderte Hypergene – for låg modning).
 4. Venta til Analyseplattformen var rulla ut i heile sektoren.
 5. **Gå aktivt inn og bli ein partner/pilot og utvikle Analyseplattformen saman med Sikt.**
- › Vi fekk støtte frå Digitaliseringsrådet og rektor på HVL, hausten 2024.
 - › Avtala med Sikt blei signert 29. april 2025.
 - › Vi starta opp for alvor i august 2025, med arbeidsmøter internt og med Sikt.

Erfaringar – vi gjekk inn i det med opne auge...

- › **Erfaringar:**
 - › Ting tek tid – utfordringar dukkar opp. Frustrerende, men lærerikt!
 - › Brukte mykje tid på risikovurdering/DPIA, avtalegjennomgang og planlegging.
 - › **Risiko:** Sårbarheit, og for låg kapasitet og kompetanse. Både i HVL og hos Sikt.
- › Det er **fordelar** med å vere partner og pilot. **Størst:**
 - › Vi får får prioritet – kapasitet. Våre behov blir teke på alvor. (Sikt ønskjer å få dette til!)
 - › Vi lærer mykje gjennom testing og problemløysing. (Sikt har ikkje tenkt på alt!)
- › Det er **utfordringar** med å vere partner og pilot. **Størst:**
 - › Det krev at vi er på – og har satt av kapasitet til tett oppfølging og rask respons.
 - › Uklar framdriftplan - når skal vi starte tungt innsalg internt?

Korleis vi har organisert arbeidet

Viktig premiss for val av organisering:

- › Vi skal utvikle, ta i bruk, drifte, hente ut gevinstar og vidareutvikle ulike modular...
- › ... og dette skal både skje til ulik tid og i parallell.


Organisering – vi ser prosjekt og drift under eitt – som eit **program**.

- › Styringsgruppe:
 - › Primærbrukarar, leiarar på fakultet og system-/dataeigarar i fellesadministrasjonen.
- › Koordineringsteam (KOTE):
 - › Leia av to systemkoordinatorar. Nøkkelpersonar (~~11~~ 13) frå ulike linjer.
- › Driftsorganisasjon:
 - › Linjene er med frå starten av i KOTE – stor merksemd på reelle behov.
 - › Vil få på plass roller og grupper tidleg. Få med oss kompetansen vidare.

Organisering

Programmet

Utvikling og innføring («prosjekt»)




Gevinstar vi kan hente ut...

- › **Betre analysegrunnlag og ikkje tvil om kva data som gjeld.**
- › **Einskapleg grensesnitt og lik funksjonalitet** i alle rapportar - for alle kjelder.
- › Vi får **kopla data** på ein betre og enklare måte.
 - › Det skjer i éi løysing.
 - › Drar nytte av innebygde standardar og eins arkitektur – Orgreg., IAM, IntArk.
- › Betre sjølvhjelp: Frigjere tid til **tyngre analyser** retta mot å skulle ta avgjerder.
- › Etter kvart: Kunne **lære** av å samanlikne med andre i sektoren og internt i HVL.

... men, det krev merksemd og kanskje endring:

- › Analyseplattformen må faktisk bli kjelda for offisielle data og analysegrunnlag.
 - › Skuggesystem må bli fasa ut.
- › Behov for å endre og følgje rutinar – sikre tilgang til oppdaterte og korrekte data.
- › Betre analyser må vere grunnlaget for avgjerder. Sagt A = seie B.
- › Prioriterte behov i arbeidsprosessar må styre utvikling av analyser og rapportar
- › Medvit kring rollene som systemeigar, dataeigar og prosesseigar.
 - › Analyseplattformen er ikkje noko «dei på verksemdsstyring held på med».

Demonstrasjon (som nviå 3-kunde!)



> Kommentarer?

> Spørsmål?



